# Ljomsnuten C16

Ljomsnuten på 1268 moh. er det høgaste fjellet på austheia i Valle. Turen er tilrettelagt som ein rundtur der den fyrste delen er felles med toppturen til Valefjell. Frå toppen av Valefjell går ein ned til «Varden», som er ein naturleg rasteplass på den gamle støylsvegen inn til Finndalen. Etter «Varden» går turen vidare sørover mot Ljomsnuten.
Stien ligg i eit høgt terreng med flott utsikt heile vegen, og er enkel å gå, bortsett frå eit litt brattare parti nokre få hundre meter før toppen. Toppen av Ljomsnuten er markert med ein diger varde. Derifrå er det ein unik utsikt på 360 grader over både vest- og austheia og over store deler av Telemark – heilt til Gaustatoppen 100 km borte. Turen tilbake går forbi vakre Vassland, gjennom Luseskard, rundt om Stavedalen og til slutt gjennom skogen tilbake til Valle.

Mt. Ljomsnuten, at 1,268 m, is the highest peak in the mountains east of Valle. This is a round trip where the first part of the hike is similar to the Mt. Valefjell summit hike. From Mt. Valefjell, you continue to "Varden", a natural picnic spot on the old mountain farm road to Finndalen. From here, follow the trail south to Mt. Ljomsnuten.
This is a high-lying trail with magnificent views all the way; a relatively simple hike, except for a somewhat steeper section a few hundred metres before the top. A large cairn marks the summit of Mt. Ljomsnuten, from where there is a unique panoramic view of the western and eastern hills of Setesdal – as well as large parts of Telemark, including the mountain Gaustatoppen, 100 kilometres away.

Der Ljomsnuten (1268 m ü.NN) ist der höchste Berg östlich von Valle. Der erste Teil verläuft gemeinsam mit der Gipfeltour zum Valefjell. Vom Gipfel des Valefjell geht es hinab zum „Varden". Hier ist ein natürlicher Rastplatz am alten Weg zur Alm in Finndalen. Danach geht die Tour weiter in südlicher Richtung zum Ljomsnuten.
Der einfach zu gehende Weg führt durchs Hochgebirge und bietet eine Vielzahl an schönen Aussichten. Einige hundert Meter vor dem Gipfel gibt es einen etwas steileren Abschnitt.
Oben steht ein riesiger Steinmann. Von dort hat man eine Rundumsicht über das umliegende Gebirge, bis hin zu Teilen der Telemark und zum Berg Gaustatoppen in 100 km Entfernung.

**START**
Valle sentrum
Valle centre
Valle Zentrum

**WGS84**
59.212742, 7.535977

**TIDSBRUK / DURATION / DAUER**
6-7 timar / hours / Stunden

**LENGDE / LENGTH / LÄNGE**
16,5 km Rundtur/ Round trip / Rundweg

**MERKING / MARKING / MARKIERUNG**
Blå / Blue / Blaue Farbmarkierungen

**BANDTVANG / LEASH PERIOD / LEINENZWANG**
1. April – 15. Oktober

**SPORLAUS FERDSEL**
Naturen i Valle er unik og nytast best utan søppel. Ver nøye med å ta med deg di eiga søppel, slik at dei som kjem etter deg også får gleda av å oppleve den flotte naturen.

Turgåarar har ansvar for eigen sikkerheit.

**LEAVE NO TRACE BEHIND**
The nature in Valle is unique and magnificent. Do the environment a favour and take the rubbish with you, for the benefit of other hikers.

Each hiker is responsible for his/her own safety.

**WANDERN OHNE SPUREN ZU HINTERLASSEN**
Genießen Sie Valles einzigartige Natur, frei von Müll. Bitte hinterlassen Sie keinen Abfall damit später andere auch diese schöne Landschaft so erleben können.

Sie sind für Ihre eigene Sicherheit verantwortlich.

SETESDAL

SUSTAINABLE DESTINATION

UTGIVER:
Visit Setesdal
setesdal.com
post@setesdal.com

# Ljomsnuten 1 268 m.o.h.

